




## Haustetidsvurderingar for Nordfjord 9. september 2019

Det er denne veka teke ut prøvar frå Summerred, Raud Gravenstein og Raud Aroma. Sjølv med meir moderate temperaturar siste veka ser ein god utvikling på fruktkvaliteten siste veka.

Discovery er under hausting og Summerred er hausteklar både på tidlege og litt seinare plassar denne veka. Det er teke ut to kontrollprøvar:

	Summerred		Rettlei.	Til Bama
Dyrkar	G A Vereide	K Strand		
Adresse	Sandane	Rake		
Prøve nr	1	2		
Dato	09.09.2019	09.09.2019		
Fruktvekt (g)	196	194	50 % dekkfarge	50 % dekkfarge
Avling	3	3		
Fastleik	7,3	6,9	7,0-8,0	min 6,0
Refraktom.	11,3	10,5	10,5	11,0
Stive	7,5	8,4	5,0-7,0	5,0-7,0
Streif	0,091	0,078	0,09-0,16	0,09-0,16

### Prøve 1:





**Prøve 1, medels tidleg plass.** Feltet er godt tynna og har store eple ned god utvikling både av dekkfarge og grunnfarge. Stivenedbrytinga har auka frå 6 til 7,5 siste veka. Fastleiken har gått ned frå 7,6 til 7,3. Sukkerinnhaldet er på 11,3. Feltet kan starthaustast.

**Prøve 2:**



**Prøve 2, tidleg plass.** Feltet er godt tynna og har eple med stor og jamn storleik. Grunnfargen er lett og lys og dekkfargen er på plass. Stiveverdien har auka frå 6,4 til 8,4 siste veka. Fastleiken er redusert frå 7,9 til 6,9 siste veka. Sukkerinnhaldet held kravet og haustinga kan starte opp.





Raud Gravenstein

Rettlei. Til Bama\*

Dyrkar	K O Loen	E T Rake	E Hamre	G A Vereide	J Slagstad		
Adresse	Loen	Rake	Sandane	Vereide	Vereide		
Prøve nr	1	2	3	4	5		
Dato	09.09.2019	09.09.2019	09.09.2019	09.09.2019	09.09.2019		
Fruktvekt (g)	218	220	242	229	193	30 % dekkfarge	30 % dekkfarge
Avling	2 til 3	2 til 3	2 til 3	3	3 til 4		
Fastleik	7,7	7,2	7,4	7,7	7,2	6,5-7,5	min 6,0
Refraktom.	11,8	11,2	11,5	12	12	10,8	min 11,0
Stive	3,9	4,7	4,1	3,5	3,3	5,0-7,0	
Streif	0,166	0,137	0,156	0,183	0,181	0,09-0,16	

Prøve 2



**Prøve 2, tidleg plass.** Dette er Gravensteinfeltet som er kome lengst i stivenedbryting (høgast stiveverdi) og har lågast fastleik (same verdi som prøve 5). Dekkfargen har utvikla seg mykje siste veka, og lågare nattetemperatur hjelper godt til med fargeutviklinga. Grunnfargen ser ein utviklar seg frå grøn til lysare gul. Pga. litt ujamn fruktmengde på trea ser ein at stivenedbrytinga varierar mellom epla. Alle felta har utvikla store frukter og vil få flott kvalitet framover mot hausting. Sukkerinnhaldet



vil halde fram å auke etter kvart som det minkar på stiveinnhaldet. Nye prøvar blir tekne ut måndag 16. september.

## Raud Aroma

Rettlei.

Til Bama\*

Dyrkar	K O Loen	E T Rake	M Andenes	G A Vereide		
Adresse	Loen	Rake	Vereide	Vereide		
Prøve nr	1	2	3	4		
Dato	09.09.2019	09.09.2019	09.09.2019	09.09.2019		
Fruktvekt (g)	173	205	181	183	50 % dekkfarge	50 % dekkfarge*
Klon	Fagravoll	Ylvisåker	Ylvisåker	Ylvisåker		
Avling	3	3	3	3		
Fastleik	7	6,7	7,3	7,2	6,5-7,0	min 5,0
Refraktom.	10,3	10,3	10	10,8	11,2	min 11,0
Stive	3,1	3,7	2,7	2,6	4,0-6,5	
Streif	0,219	0,177	0,27	0,257	0,07-0,12	

\*I 2018 vart Raud Aroma og gul Aroma pakka med felles krav på 30 % dekkfarge. Det gjenstår å sjå om dette blir gjeldande også for 2019. I kravspesifikasjonen til Bama er kravet til dekkfarge for Raud Aroma 50 %, for gul Aroma 30 %.

### Prøve 2:



**Prøve 2**, eldre felt på tidleg plass. Raud Aroma, klon Ylvisåker, med nokså jamn raud dekkfarge, men med karakteristiske striper på baksida av epla. Dekkfargen blir jamnare nærmare starthausting.





Grunnfargen er enno for grøn. Fruktfastleiken er komen ned i 6,7. Stivenedbrytinga er nokså jamn, bortsett frå det eine eplet som truleg har ein skjult feil med begerrôte.

**Prøve 3:**



**Prøve 3**, eldre felt frå medels tidleg plass. Raud Aroma, klon Ylvisåker, der grunnfargen er i ferd med må kome på plass. Også jamn dekkfarge på solsida, med meir striper på baksida. Fastare eple enn i prøve 2, og litt høgare stiveinnhald. Sukkerinnhaldet vil få ei pen stigning framover mot starthausting, som enno er eit stykke fram.

Nye prøvar blir teke ut neste måndag med utsending av resultat på tysdagen.